



MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE
SAMFERDSELSOMRÅDET
Postboks 2500
6404 MOLDE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Ola Betten, 71 25 84 76

Tjørvågelva i Herøy - forlenga frist for skifte av kulverft

Vi viser til vårt løyve av 25.10.2022. Det oppstod problem med levering av røyra til arbeidet, og fylkeskommune søker om å få starte dette arbeidet i mai-juni 2023. Vi fattar difor eit nyt vedtak med anna frist.

Vedtak

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev Møre og Romsdal fylkeskommune dispensasjon for å skifte ut ein kulvert der Tjørvågelva kryssar FV 654. Det kan også fjernast stein og massar som har bygd seg opp i elva nedanfor eksisterande kulvert.

Heimel for vedtaket er § 48 i naturmangfaldlova og forskrift om fysiske tiltak i vassdrag, § 1, b.

Bakgrunn

Kulverten på FV 654 byrjar å forfalle, og fylkeskommunen ønskjer å forsterke punktet gjennom å skifte til ei oppdimensjonert plastrøyr på 2400 mm. Vidare ønskjer dei å fjerne stein og massar som har bygd seg opp nedstraums dagens kulvert. Dette vil skje med gravemaskin som står nede i elveløpet, og det må fjernast litt av trea i kantvegetasjonen for å gjere dette arbeidet. Det fysiske arbeidet påverkar om lag halvparten av elvestrekninga mellom vegen og sjøen.

Søknaden viser til tiltak for å unngå spreiling av framande planteartar.

Det er ønskjeleg å gjennomføre arbeidet i oktober-november 2022.

Lovgrunnlag

Søknaden er vurdert opp mot gjeldande verneforskrift, fastsett ved kongeleg resolusjon 08.11.2002 (FOR-2014-08-22-1110). Frå denne gjeld m.a. følgjande:

§ 2 - Formålet med fredinga er å ta vare på ein vågos, – som den einaste på ytre Sunnmøre i verneplanen. Området har verdi som eit regionalt typeområde, der eit lite kystvassdrag renn ut i ein grunn våg og dannar ein gradvis overgang mellom elva og sjøen.



§ 3 - Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, utføring av kloakk eller tilførsel av konsentrert forureining, tømming av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.

Statsforvaltaren kan gi dispensasjon fra verneforskrifta dersom det ikkje strir mot verneformålet og ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig, jf. § 48 i naturmangfaldlova (nml).

Tjørvågelva fører anadrom laksefisk. Søknaden er difor vurdert etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag, § 1, a, vassforskrifta og forureiningslova.

Søknaden må også vurderast etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. § 7. Prinsippa omfattar vurdering av kunnskapsgrunnlag (§ 8), føre-var-omsyn (§ 9), samla belastning (§ 10), kostnader for å hindre skade på naturmangfald (§ 11) og miljøforsvarleg teknikk/driftsmetode (§ 12).

Statsforvaltaren si vurdering

Naturreservatet:

Kulverten ligg utanfor naturreservatet, så tiltaka som påverkar dette er masseuttak, fjerning av vegetasjon og køyring med gravemaskin og køyretøy for fjerning av massar. Vi reknar med at det vil komme ein del finstoff i ellevatnet under arbeidsperioden, men dette vil følgje ellevatnet til sjøen, og fordeler seg utover deltaet. Vi vurderer skadeverknadene av dette til å vere ubetydelege.

Vi kan ikkje sjå at tiltaket har nokon skadeleg verknad på naturreservatet under eller etter avslutta anleggsarbeid.

Ut i frå det ovanståande finn Statsforvaltaren at skifting av kulvert som omsøkt vil berre gje ubetydelege verknader på Tjørvågosen naturreservat, og at desse er knytt til ein kort anleggsperiode. Kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for å vurdere søknaden, jf. nml § 8.

Ut frå omsynet til samla belastning (nml § 10) kan vi ikkje sjå at tiltaket vil gje nokon skade på nettverket av verneområda i området eller for dei samla bestandane av fugl og planter i desse. Statsforvaltaren ser at det er samfunnsmessige viktige omsyn som ligg til grunn for å skifte kulverten. Tilpassinga med å unngå å arbeide i hekke- og yngletida er den beste teknikken (nml § 12).

Anadrom fisk:

Sjøaurebestanden i Tjørvågelva er vurdert til å ha moderat bestandstilstand i siste vurdering frå Vitenskapelig råd for lakseforvaltning (2021). Lakselus er største negative påverknad. Det er ikkje registrert elvemusling i vassdraget.

Anbefalt periode for tiltak i vestnorske vassdrag er fra starten av juli – slutten av september, med omsyn til fisk, der det er gyteplasser i eller nedanfor tiltaksområdet (tiltakshåndbok for bedre fysisk vassmiljø). I denne perioden er det ikkje rogn eller plommerekkyngel i grusen, som kan være sårbare for nedslamming. Ønska tidsrom for gjennomføring er utenfor anbefalt periode for tiltak i vassdrag. Tiltaket ligg langt ned i elva, og vi har fått opplyst at elva er relativt storsteinete og med lite gytehabitat her. Samtidig har elva også kort anadrom strekning ovanfor kulverten, slik at ein relativt stor del av anadrom strekning kan bli påverka. Siltgardin kan være eit mogleg avbøtande tiltak. Kulverten ligg langt ned i elva og det er difor svært viktig at den er godt tilpassa fiskevandring.



Vurdering etter vassforskrifta

Ifølge vassforskrifta § 4 skal tilstanden i overflatevatn vernast mot svekking (forringing), forbetrast og gjenopprettast med sikte på at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand. Tiltak som medfører at vassførekomsten sitt miljømål ikke blir nådd, kan berre gjennomførast dersom vilkåra i vassforskriftas § 12 er oppfylt. Det omsøkte tiltaket ligg i vassførekomsten Tarberg – Aspvika bekkefelt som er vurdert til å ha god økologisk tilstand. Tiltaket vil ikke være til hinder for at vassforekomsten vil oppnå sine miljømål i framtida, så lenge kulverten blir godt tilpassa fiske-vandring. Ytterlegare vurderingar etter vassforskrifta § 12 ser vi derfor ikke som nødvendig.

Vurdering etter forureiningslova

Tiltaka vil være av relativt kortvarig karakter og partikkelspreiing som følge av arbeida blir ikke vurdert å medføre forureining utover det som er vanleg ved slik verksemd.

Vedtak:

Statsforvaltaren gjev med dette Møre og Romsdal fylkeskommune dispensasjon for utskifting av kulvert med tilhøyrande inngrep og motorferdsel, jf. naturmangfaldlova § 48 og forskrift om fysiske tiltak i vassdrag § 1. Vi vurderer at tiltaket ikke påverkar verneverdiane eller fisk og ferskvassorganismar nemneverdig og at det har vesentlege samfunnsinteresser, jf. første ledd.

Det blir sett følgande vilkår til løyvet:

- 1) Kulverten i Tjørvågelva kan skiftast ut med eit 2400 mm plastrøyr.
- 2) Kulverten skal tilpassast optimal fiskevandring
- 3) Massar i elva nedstraums kulverten kan fjernast heilt ned på opphavelig elvebotn, Det skal leggjast att steinar slik at ein har eit naturleg elvehabitat, og eksisterande kantskog skal i størst grad takast vare på.
- 4) Køyring i naturreservatet skal avgrensast til det heilt nødvendige, og køyrespor skal slettast til etter avslutta arbeid.
- 5) Massar og plantedelar skal deponeast slik at ein ikke spreier framande planteartar.
- 6) Arbeidet skal vere avslutta seinast 01.09.2023.

Klage på vedtaket

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan tre veker frå det er mottatt. Klagen må vere grunngitt, og skal sendast til Statsforvaltaren. Miljødirektoratet avgjer klagen dersom Statsforvaltaren opprettheld vedtaket. Reglane om klage på vedtak går fram av kapittel VI i forvaltningslova.

Med helsing

Brit Kari Eidseflot Hauger (e.f.)
ass. landbruksdirektør

Ola Betten
prosjektleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

HERØY KOMMUNE
Arnfinn John Klungsør
Karlsen

Postboks 274
Polargodt As, Seloljeveita 1,
Tjørvågane 2

6099 FOSNAVÅG
6070 TJØRVÅG